



KOPI

Ole Martin Bolset

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/3790 - 23/48179

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

19.06.2023

Områdereguleringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø, PlanID 125620170002 - Intern høring

Viser til førespurnad om å koma med uttale til intern høring til områdereguleringsplan for Dalstø-Mjåtveitstø. Beklager at denne uttalen kjem etter fristen.

Innspel til kartet

Rundturen frå Mjåtveit-Furefjellet-Mjåtveitstø er ein viktig nærtur for dei som bur i området i dag, men Furefjellet som eit naturleg målpunkt for turen. Frå toppen av Furefjellet har ein god utsikt – særleg innover mot Bergen. Det er positiv at toppen av Furefjellet er sett av til naturføre mål på plankartet, men oransje område (bygningar og anlegg) er etter vår vurdering alt for tett på toppen av Furefjellet, særleg i søraust. Det er på det minste berre fire kotar mellom det oransje område og toppen på Furefjellet. Utbygging så tett på toppen av Furefjellet vil redusera friluftslivskvalitetane i området monaleg. Området som er sett av til naturføre mål må utvidast slik at avstanden mellom toppen av Furefjellet oransje område vert større.

Har den planlagde BMX-bana rett formål i kartet?

Me kan ikkje finna turveg TV i kartet.

enkle tiltak som benk, gapahuk osv. innanfor føresegsområde #4 som vidarefører eksisterande sti innan GN08.» Er det turveg eller sti som går her?

Det står at «Innan føresegsområde #3 kan det etablerast sti. Det er tenkt at stien skal koplust saman med sti innan føresegsområde #2 via felt UN.» Her må det stå «skal». Det bør også stå at alle stiar som går skal gå gjennom utbygde område skal skiltast som turstiar.

Det er for dårleg samband mellom GN09 (Furefjellet) og GN08 (området ved sjø). Turdrag er lagt ved steingard, som har omsynssone H570, men er det mogleg å gå der? Det bør etablerast eit turdrag mellom desse områda der det er naturleg og lett å gå.

Føresegnene generelt

Kyststien er ikkje nemnd i føresegnene. Denne går gjennom både GN08 og GN06. Denne må nemnast. Kyststien skal kunna skiltast, merkast og tilretteleggast som sti.

Stiar og turdrag må vera tilgjengelege i byggjeperioden. Evt må alternativ trasé skiltast.

Kulturminne

Formuleringar som «Eksisterande kistegrøft og steingard innanfor H570_7 skal ivaretakast så langt det lar seg gjere» må endrast. Steingardar innanfor omsynssone H570 skal bevarast, og alle unntak må omtalast spesielt. Det bør også stå at der det skal lagast hol i steingarden skal endene vera beint oppmurte. Det må stå tydeleg i føresegnene at det ikkje må lagast opningar gjennom steingarden før det er naudsynt, jf t.d. 8.5 c.

Det må leggjast omsynssone H570 også på den steingarden som går østover frå den lange steingarden

Med helsing
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Ole Martin Bolset

Mottakarar:
Alver kommune Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG